



Arkivnr: 2017/241-99

Saksbehandlar: Tale Halsør

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		29.11.2017

**Miljøprogram 2017****Samandrag**

Miljøprogram for 2017 er ferdigstilt. Programmet har bidrige til å realisere 16 lokale klima- og miljøtiltak og å støtte det daglege arbeidet i tre miljøorganisasjonar i fylket. Miljøprisen for Hordaland gjekk til Kenneth Bruvik.

Kven som får miljøprisen vert avgjort av utval for miljø og samferdsel, på bakgrunn av framlegg frå eit arbeidsutval sett ned av tre representantar frå utvalet. Det er behov for å utnemne ein ny representant.

Denne saka går gjennom detaljar for tildelingane frå miljøprogrammet for 2017 og gjer framlegg om val av ein ny representant til arbeidsutvalet for miljøprisen i 2018. Fordeling av budsjettposten «Miljøprogram 2018» kjem som eiga sak i etterkant av vedteke budsjett.

**Økonomi:** Fordeling av budsjettposten «Miljøprogram 2018» kjem som eiga sak i etterkant av vedteke budsjett. Kandidatar til Miljøpris for Hordaland vil bli annonser i forkant for å rekke utdeling av prisen på fylkestinget i mars. Miljøprisen for Hordaland vil ha eit budsjett på 70.000 kr.

**Klima:** Å oppretthalde miljøprisen er med å halde oppe fokus på miljøarbeid i fylket og å synleggjere at dette er eit viktig område for Hordaland fylkeskommune.

**Folkehelse:** Teamet er ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Teamet er ikkje relevant

**Forslag til vedtak**

1. Utval for miljø og samferdsel utnemner følgjande representant til arbeidsutval for miljøpris:

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 13.11.2017

### 1. Miljøpris for Hordaland

Fylkestinget i Hordaland deler ut Miljøpris for Hordaland årleg. Prisvinnaren får tildelt 50.000 kr. Kven som får miljøprisen vert avgjort av utval for miljø og samferdsel, på bakgrunn av framlegg frå eit arbeidsutval sett ned av tre representantar frå utvalet. I fjar vart følgjande arbeidsutval sett ned for perioden:

1. Nils T. Bjørke (Sp)
2. Marthe Hammer (SV)
3. Geir Angeltveit (V)

Då Nils T. Bjørke ikkje lenger er del av utval for miljø og samferdsel er det behov for å utnemne ein ny representant.

Miljøpris for Hordaland vert annonsert med frist for nominasjonar ved årsskiftet, med sikte på utdeling av neste års pris på fylkestinget i mars.

### 2. Miljøprogram 2017

Budsjettposten var i 2017 på kr 815 000. Utval for miljø og samferdsel vedtok i PS 36/2017, 15.03.17 følgjande fordeling av posten:

Miljøpris	kr 70 000
Støtte til frivillige miljøorganisasjonar med fylkeslag	kr 300 000
Tilskot til lokale miljø- og klimaprosjekt	kr 445 000
<b>SUM</b>	<b>kr 815 000</b>

#### 2.1. Miljøprisen

Prisvinnar i 2017 var Kenneth Bruvik. Prisen var på 50.000 kr og vart delt ut på fylkestinget i juni 2017. Midlane vart overført til NJFF-Hordalands undervisningsprogram, TAM (Trygghet, Ansvar og Mestring), etter ønske frå Bruvik. Forbruk på posten var **kr 66 946**.

#### 2.2. Støtte til frivillige miljøorganisasjonar med fylkeslag

Det vart sett av 300 000 kr til å støtte frivillige, demokratiske miljøorganisasjonar med fylkeslag. Dette går til driftsstøtte til organisasjonane. Fleirtalet av organisasjonane søker også om støtte til konkrete prosjekt eller tiltak gjennom ordninga med tilskot til lokale miljø- og klimatiltak. Fordelinga av midlane var for 2017 som følgjer:

Framtiden i våre hender - Bergen	kr 55 000
Forum for natur og friluftsliv - Hordaland	kr 75 000
Naturvernforbundet Hordaland	kr 200 000
<b>SUM</b>	<b>kr 330 000</b>

#### 2.3. Tilskot til lokale miljø- og klimaprosjekt

Midlane til lokale miljø- og klimaprosjekt blir lyste ut og tildelte administrativt. Desse midla rettar seg mot lag og foreiningar, kommunar, bedrifter eller andre som i fellesskap ønsker å medverke lokalt til ei miljøvenleg utvikling som fremjar berekraft. I 2017 var det sett av 445 000 kr til tilskotsordninga. Følgjande søknadar fekk tilsegn om støtte:

Kirkens bymisjon Odda – Skattkammeret Odda	kr 10 000
Herdla museum – Plast, til nytte og besvær	kr 50 000
Norsk ornitologisk forening	kr 11 000
Naturvernforbundet Kvinnherad – Skogakurs Varaldsøy	kr 20 000

Jordvernforeininga i Bømlo	kr 19 500
Åsane fritid og miljø – redesign sørn	kr 15 000
FN-sambandet – Ryddeaksjon og miljøseminar	kr 38 000
Bærekraftig liv på Landås – Spiselig takhage/sansehage	kr 20 000
Hordaland Natur og Ungdom – Klimaambassadørturne	kr 30 000
Folkelig AS - Cyclehack	kr 10 000
Norsk klimastiftelse – Rapport «klimatiltak som virker»	kr 50 000
Miljøagentene i Hordaland – Miljøsamling for barn	kr 57 000
Bergen internasjonale filmfestival – Klimafestival	kr 50 000
Hardangerfjord villfisklag – Hardangerfjordseminaret UNG	kr 10 000
Mjåtveitlvens forening	kr 10 000
Concerned students Bergen	kr 13 000
<b>SUM</b>	<b>kr 413 500</b>